



AS Haugland VVS
Lyngveien 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1604 - 16/21897

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.08.2016

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 214/56 Fyllingsnes.

Administrativt vedtak. Saknr: 403/16

Tiltakshavar: Annie Rosa Sivertsen
Ansvarleg søker: AS Haugland VVS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 214/56. I samsvar med søknaden skal utsleppet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø, jf godkjend utsleppsløyve for eigedomen g bnr 214/48 i sak 03/327. Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 12.05.2016, supplert 11.07.2016.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Storneset strandplan, planID 1263-20101976. Området er sett av til byggjeområde for fritidsbustadar. Plassering av avlaupsanlegg går fram av planen.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i mottatt 12.05.2016.



Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Tilknytning til eksisterande anlegg

Omsøkte utslepp skal knytast til eksisterande godkjend avlaupsleidning for gbnr 214/48, jf arkivsakID 03/327, via godkjend etablerte avlaupsleidningar for gbnr 214/120 og gbnr 214/109/175.

Anlegget er godkjend for 15 PE etter gjeldande forskrift på godkjenningstidspunktet. Det er per i dag 3 fritidshus knytt til eigedomen, dvs gbnr 214/48, 214/120 og 214/109,175.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale mellom gbnr 214/56 og 214/48 om rett til bruk av eksisterande avlaupsleidning som går til sjø, datert 17.09.2016.

Det ligg føre avtale som sikrar gbnr 214/56 rett til å leggja leidning over gbnr 214/2.

Det ligg føre avtale som gjev gbnr 214/56 rett til å kopla seg til Sonja Jordan, eigar av 214/120, sin avlaupsleidning.

Det ligg føre avtale frå Gunhild Bjørge (eigar av gbnr 214/109) som gjev Annie Sivertsen rett til å kopla seg til eksisterande avlaupsleidning, datert 18.06.2016.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming.

Det ligg føre uttale frå føretaket Johny Birkeland Transport om at slamtømming kan gjennomførast på ordinære vilkår i Forskrift for slamtømming.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Området inst i Litlevågen er eit statleg sikra friluftsområde som er merka badeområde.

VURDERING

Kommunen er kjend med at det er knytt utfordringar til avlaupssituasjonen generelt i området rundt Litlevågen. Det er ikkje utbygd kommunalt kloakkanlegg i området og avlaupet frå eigedomane vert ført til private enkelt- eller fellesanlegg av ulik alder og tilstand. Etablering av nye utslepp i området bør ideelt sett skje gjennom felles planlegging for heile området og ikkje gjennom enkeltsaker.

Avlaupet frå fellesleidningen som omsøkte utslepp skal førast til er ført ut av Litlevågen på djupt vatn. Kommunen vurderer at friluftinteressene i området ikkje vert berørt. Det vert vidare lagt til grunn at

anlegget har tilstrekkeleg kapasitet til at gbnr 214/56 kan knytast til eksisterande anlegg, jf definisjonen av PE i tidlegare gjeldande forskrift, at slamtømming kan skje innanfor vilkåra i slamtømmeforskrifta og at eksisterande anlegg som eigedomen skal knytast til er i forskriftsmessig stand.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Privatrettslege tilhøve

Naudsynte privatrettslege løyve synast dokumentert ved dei erklæringar/avtalar som ligg føre. Kommunen vil tilrå at alle avtalar vert tinglyst på dei aktuelle eigedomane for at dei også skal sikra framtidige eigarar.

Godkjenning etter andre lovverk

Det er søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, jf søknad mottatt 03.03.2015. Søknaden vert handsama i eige vedtak.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 214/56 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.**
- 2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeforskrifta.**
- 3. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1604

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Annie Rosa Sivertsen

Liarflaten 35

5132

NYBORG

Kopi til:

Asle Holthe
Teknisk drift

Søråsbroten 3

5235

RÅDAL

Mottakarar:

AS Haugland VVS

Lyngveien 2

5914

ISDALSTØ